



Kirkerådet

post.kirkeradet@kirken.no

Høyring om Justering av hovedgudstjenesten og alminnelige bestemmelser

Det er med stor interesse eg har lese gjennom høyringsforslaget som er sendt ut. Vi har drøfta denne saka i Senja prosti, og eg fekk og høve til å delta på prostemøtet i Nord-Hålogaland der denne saka var oppe. Som tidlegare prost (1998-2015) og nu som seniorprest i Senja har eg ganske brei erfaring med innføring av gudstenestereforma og korleis den fungerer i ymse menigheter. Sjølv om eg ikkje står på lista over instansar som er bede om å uttale seg, velger eg likevel å sende inn eit lite notat med svar på noen av spørsmåla. Her er noen av mine synspunkt:

1 - Generelt vil eg seie at gudstenestereforma med si vektlegging av involvering, stedeføring og fleksibilitet har gått ut over forkynninga. Det store arbeid med å involvere andre, og ikkje minst sikre at orda i liturgien er korrekte (utarbeide agenda til alle som skal medverke – her var det lite hjelp å få i tungvint og til dels ubrukeleg liturgibok) har gjort at prestane har fått for lite tid til å førebu forkynninga. Det vises til ei undersøking frå Borg som har høg svarprosent både på involvering og kirkemusikk, men berre 36% opplevde den som trusstyrkande. Eg tar dette som ein indikasjon på at forkynninga har blitt nedprioritert i gudstenestearbeidet.

Og til omgrepet involvering vil eg seie: Det er ei misforståing at våre gudstenester tidlegare ikkje var involverande. Sjølv om det kanskje ikkje var så mange andre aktørar enn liturgen, så verka gudstenesta i høgaste grad involverande når forkynninga berørte. Dette er eit moment som eg syns er blitt borte i gudstenestereforma.

Til einskilde spørsmål:

3b – ledd 1 Førebuing.

Informasjon om dagens gudstjeneste. Avslutninga «La oss vere stille for Gud» er blitt innarbeidd som ei god avslutning. Men det er problematisk å gjere den til ei obligatorisk avslutning når dette leddet i seg sjølv ikkje treng vere med. Her vil eg halde fast på den gamle rubrikken.

3e – Samlingsbøn. OK at samlingsbønn ikkje lenger blir obligatorisk.

3 f - Syndsbekjennelsen. Dette er kanskje det vanskelegaste leddet i heile liturgien. Det seier sitt at det historisk sett er kome seint inn i gudstenesta. Modeus har argumentert godt for kor problematisk det er å ha dette leddet i starten av av messa.

Å ta inn tilvisinga frå Ps 119 (Guds miskunn er stor) er unødvendig når ein plasserer syndsvedkjenninga i forkant av forbønnen. Eg er usikker på om denne nye setninga bør inn når ein har syndsvedkjenninga i starten av messa. Det er alltid problematisk når ein stadig skal ta inn nye setningar. For å seie det slik: Syndsvedkjenninga skurrar, og det spørst om det er nettopp det den skal gjere!

Ein foreslår **færre alternativ**. Det er kanskje symptomatisk at syndsvedkjenninga er det som får mest merksemd i notatet. Forslaget til ny syndsvedkjenning er det gjort greie for med sterke teologiske argument. Eg syns nok at desse formuleringane lett blir for dogmatiske. Uttrykket «kjenne» er også eit stort spørsmål ved. Eg skjønner at det har si rot både i luthersk tenking og i den gamle syndsvedkjenninga («kjenner den vonde hug i hjarta mitt/ kjenner den onde lyst i mitt hjerte» 1920 og «lysten til det onde» 1977). Kanskje ein i staden kunne ta utgangspunkt i Augustin si formulering og seie noke i retning av:

Heilage Gud, du har skapt oss til deg,
men vi har vendt oss bort.
Vi er syndige mennesker i hug og handling.
Tilgjev oss og gjer oss frie.
Vend oss til deg og vår neste.

Eg set spørreteikn ved bokmålsformuleringa i den foreslåtte bøna. Når ein opererer med fleirtal – vi - bør også endingene vere konsekvente: og kjenner syndens makt i våre hjerter. (ikkje: syndens makt i vårt hjerte).

Det som eg syns er meir problematisk er at no fell også syndsvedkjenning nr 6 ut. Denne veit eg vert brukt nokre stader i bispedømmet og er den einaste som har med både krenking, lyst til det vonde og formuleringa «frykte og elske deg». Eg syns det umisselege formuleringar i ei luthersk kjerke. Eg nyttar den sjølv på teneste på institusjon – den er slitesterk, faktisk. Det er symptomatisk at så få menigheter har den som fast syndsvedkjenning. Dei fell ned på nye og «fancye» formueringar.

At syndsvedkjenning nr 4 fell ut, syns eg ikkje er noe tap når det gjeld bokmål. Her har den nye omsettinga av Salme 51 nytta ordet *lovbrudd* der ein tidlegare hadde *overtredelser*. Det svekker korleis ein forstår ordet synd. Nynorsk har brot, og det er mykje betre omsetting.

3i – Dagens bøn / kollektbøna.

I første delen av reformprosessen hadde ein eit medvitslaust forhold til kollektbøna / dagens bøn. I ettertid er det merkverdig at ein frå sentralt hald i det heile kom til å foreslå at kollektbøna skulle utgå. Det er ein stor styrke at den no kjem inn igjen. MEN: Det er framleis naudsynt å jobbe meir med formuleringane. Til dømes denne frå 2 søndag i fastetida: «*Uransakelige Gud, du som ser vårt liv og våre kamper, vi ber deg: ...*» Kva slags fotballkamp var presten på i går, tru? Kva med eit meir verbalt språk?

4a – Første lesing / Menighetssvar: Heilt einig i at «Gud vere lova» fell bort. Dette er for dei spesielt interesserte og verkar ekskluderande. Vi har meir enn nok jobb med å engasjere menigheta i andre ledd og i salmesangen. Med så mange valgfrie ledd fører det til at ein kjenner seg utafør når ein besøker slike menigheter praktiserer «full pakke».

REKKEFØLGE: Eg meiner at tekstane alltid bør lesas i denne rekkefølge: GT, NT (utanom evangliane), evangelieteksten – sjølv om preiketeksten er første eller andre lesetekst.

4c – Evangelielesing. Støtter at hallelujaomkved vert obligatorisk. Liturgihistorisk har dette sine røter på 400-talet og høyrer med i vår kristne gudsteneste.

Eg opplever det som ein stor saknad i dei menighetene der ein ikkje syng halleluja i samband med lesing av evangeliet.

Ordning med hallelujaomkved knytta til evangelielesinga er noke som ikkje heilt har funne sin form i den nye liturgien i og med at ein kan velje fritt kva for hallelujaomkved som skal nyttast. Då fungerte nok 1977-liturgien betre med Hovland sin musikk til «Gud være lovet. Halleluja.» Det er framleis noen stader ein nyttar denne muligheten. Det fungerer. Nettopp fordi det er eit innsunge ledd.

4d – Ledd 13 Preike.

Kvifor er omtalen frå 1977/92 om at «predikanten kan først be en kort, fri bønn» («Presten gjeng på preikestolen og innleier preika med bønn» AB 1920) blitt borte i gudstenestereforma? Eit svar kan vere dette: Fordi ein har gjeve fokus til alt anna i liturgien. Eg meiner at når ein har så stort fokus på epiklesen i nattverdbønene, så burde ein la påkalling av Andens verknad også kome til uttrykk i samband med preika. Tidlegare ba presten gjerne om at Den heilage ande måtte opplyse ordet etc.

No inviterer ikkje akkurat liturgien til slik opplysning eller epiklese.

Dette er enno meir svekka med at hallelujaomkvedet no skal «omkranse» evangeliet. Ikkje noke gale i akkurat det; MEN det har fjerna det som gjerne var ei påkalling av Anden med å syngje ein bønesalme eller Heilagande-salme.

Det er ikkje berre med eit sterkt fokus på liturgi generelt at arbeidet med preika blir svekka, også liturgien i seg sjølv svekker denne delen!

4 i: Ledd 17: Forbønn for kirken og verden.

I forbønn 2, 4. ledd er det ei formulering med alle og oss som ein bør tenke gjennom på nytt:

Bevar alle jordens folk fra flom og tørke
og velsign **oss** med godt og tjenlig vær...

Her er noe som skurrar. Er det berre vi/oss som skal få godt og tjenlig vær, mens alle andre ... (Her står for øvrig at denne forbøna er bearbeida etter Forbønn B i prekengudstenesta. Men stemmer det?)

5a – Nattverdpraksis.

Som prost i eit prosti av normal storleik (13 menigheter), såg eg at intinksjon umiddelbart etter 2011-liturgien vart den foretrukne forma. Som prostiprest i eit mindre prosti, og med fleire kapell og mindre stader, er den tradisjonelle måten med å knele gjennomgåande. Den ordninga som gudstenesteboka anbefaler primært, med utdeling på ein stasjon der ein tar med særkalk, forekjem nesten ikkje i det heile. Elles har eg vore borti fleire eldre som gjev uttrykk for at ståande nattverd er å foretrekke – fordi det er vondt å knele!

Det var eit forhold som kom opp då vi prestane i prostiet diskuterte saka: Stort sett blir det feira nattverd ved alle gudstenester. Fører det til at fleire sluttar å gå til gudsteneste?

5b – når ein går over til å nytte ordet **beger** i liturgien, kva skal ein så kalle særkalkane for, dei som ein no gjerne omtalar som beger? Eg berre spør?

Al. føresegner nyttar uttrykket særkalk.

Anten ein likar det eller ikkje, så er det ordet kalk som eintydig viser til den innretninga vi har for å ha vinen i, ordet beger har ei anna betydning.

5c – Heilt einig i at **takkofferet** inngår i nattverdliturgien.

5d – Ein liten refleksjon ikring **liturgisk haldning og praksis**. Gudstenestereforma har ført til nytt medvet ikring korleis ein skal involvere medliturgar og sjølvve teksten i dei einskilde ledda. Men mi erfaring som vanleg deltakar i gudstenesta og dei gongene eg har feira gudsteneste saman med kollegaer, er at ein ikkje har tilstrekkeleg fokus på eige kroppshaldning og dynamikk når ein forretter t.d. dåp og nattverd. Den reverens som NFG etterlyser med å foreslå ein eigen rubrikk om at liturgen vender blikket mot elementa under innstiftelsesorda og utdelingen har eg sans for, men eg ser at det kan verke for detaljert akkurat der.

No er det kanskje behov for to andre ting etter reforma: fokus på forkynninga og liturgiøvinger. Får vi eit nytt kursprogram med «Nytt i Guds hus»?

5e – Heil eining i å behalde avsluttande erklæringsord og bøn. I noen menigheter fungere dette godt som dialog. Den teologiske grunngjeving er solid i høyringa; og det er viktig å ha noen ledd som ikkje er foranderlege.

Andre forhold:

Layout. Eg syns dette er eit dårleg stykke arbeid. Liturgiboka av 2011 er eit stort rot. Permen med ark som skal settes inn er ubrukeleg i praksis.

Nei, gje oss ei trykt bok der ein finn ordninga utskreve fortløpande. (Unntaket er kollektbøner og prefasjonar som kan stå samla).

Dersom systemet med perm og lausark skal fungere må ein ei alle fall tilpasse teksten på lausarka slik at den kan settes inn fortløpande i permen. Eide forlag kan ikkje ha hatt serleg god tilgang på praktikarar i liturgi som ga dei råd....

Og nummereringa (på sidetala) i gudstenesteboka er også håplaus. Vi treng ingen arkivnøkkel, vi treng ei bruksbok!

Notar. Eg syns det er skandaløst at ikkje liturgien er forsynt med notar. Det gjeld kollektbønene, og bønene i nattverden (prefasjon / innleiande lovprising, epiklese, takkebøn). Dette betyr at i fleire år har mange liturgar ikkje hatt praksis på å synge desse ledda, og dermed ikkje halde messesangen ved like. Gudstenestereformen inneber ei utarming av denne sida! Her må ein ta grep!

Avslutningsvis vil eg seie at sjølv om eg har noen sterke synspunkt på den nye gudstenestereformen så er det mykje som er bra, og det er framleis ei glede å førebu og feire gudsteneste. Og det gjeldt anten det er ei handfull mennesker ein januardag i eit av dei små kapella på Senja eller full kjerke på Finnsnes ein påskedag. Mangfaldet i nattverdliturgien ein rikdom.

Gudstenestegleda er der framleis. Den kan sikkert bli enno betre med ein revisjon av gjeldande ordning.

Sørreisa 3. april 2018

Ove Kjelling
ok362@kirken.no
95235880